

**20.10.2021****FORELDREMØTE FOR VG2 10. NOVEMBER**

Voss gymnas ynskjer velkomen til møte for foreldre/føresette til elevar på Vg2. Elevar er velkomne til å vere med etter fellesøkta (grunna plassomsyn).

I fellesøkta vil ein vil få informasjon om skulen, samt møte rådgjevarar og skuleleiing. I økta med kontaktlærer(ar) vert det meir informasjon om klassen, klassemiljø og skulekvardagen.

**18:00-18:30** – Fellesøkt i Lite auditorium for Vg2 yrkesfag og Stort auditorium for Vg2 studieførebuande

**18:30-19:00** – Informasjon om klassane i kvart sitt klasserom med kontaktlærer

**19:10** – Høve til konferansetid med faglærer etter påmelding.

For at me skal kunne legge best mogeleg til rette for konferansetid med faglærer, treng me oversikt over kven som kjem og kven føresette ynskjer å snakke med.

Send ein e-post til [post.vgy@vlfk.no](mailto:post.vgy@vlfk.no) **innan 02.11** der desse opplysningane er med:

Klasse:

Elevnamn:

Namn og tal på føresette som kjem:

Namn på faglærer ein ynskjer å snakke med:

Me ynskjer godt samarbeid med føresette og at dykk vert godt kjende med skulen og våre tilsette.

Vel møtt!

For Voss gymnas

Håvard Styve  
Fungerande rektor